

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

# PROTOKOLL ÅRSMØTE INU - FSF

**Stad:** Saga Fjordbase, Florø.  
**Dato:** Onsdag 29.mars frå kl. 13.00 til 14.15.  
Deretter synfaring på Florelandet Nord.

**Registrerte stemmer; 11.stk**

INU-Gruppen, West Industri Contracting, Saga Fjordbase, NBN Elektro, Westcon Yard Florø, Sparebanken Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning, Scandic Sunnfjord Hotel, Førde kommune, Flora kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

---

**Sak 1/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

**Sak 2/2017 Konstituering**  
Val av møteleiar, referent samt to deltakarar til å signere protokoll.

Desse vart valt samrøystes:

Vidar Grønnevik, møteleiar,  
Ola Teigen og Mikael Johansen til å signere protokoll.  
Heidi Skorpen referent.

**Sak 3/2017 Orientering om ordninga og tildelingar 2016**  
Styreleiar Vidar Grønnevik orienterte kort om tildelingane i 2016.

Deretter var det ein kort presentasjon av midler gitt til ulike prosjekt:

Reiseliv v/ Fylkeskommunen, Jan Heggheim  
Bedriftsretta tiltak v/ Innovasjon Norge, Rune Fromreide  
Florelandet Nord v/ INC-gruppen, Geir Johannessen.

**Sak 4/2017 Godkjenning av styrets årsberetning og rekneskap 2016**  
Vedtak: Årsrapporten og rekneskap er godkjent.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

### Sak 5/2017 **Avvikling av INU-FSF**

Med bakgrunn i at ordninga med kompensasjonsmidlar knytt til bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift er avslutta, vil INU-FSF no innrette fokus på å avslutte foreininga.

#### **Vedtak:**

*Årsmøte vedtek at INU-FSF vert nedlagt, og at det skal veljast eit eige avviklingsstyre. Avviklingsstyre får fullmakt frå årsmøte til å syte for avvikling av INU-FSF jf. vedtektene punkt 13.*

### Sak 6/2017 **Val av avviklingsstyre.**

Valnemnda samt styret i INU-FSF hadde på førehand kome med eit forslag til avviklingsstyre fram til INU-FSF er avvikla i 2017. Forslaget blei einstemmig **vedteke**, og avviklingsstyre blei som følgjer:

**Vidar Grønnevik, NHO – leiar**

**Kjetil Bjørset, Sparebanken Sogn og Fjordane**

*Vara: Øyvind Berge, Berge & Co*

**Odd Erik Gullaksen, Scandic Sunnfjord Hotel**

*Vara: Peter Midthun, Firda Billag*

**Agnar Strømsnes, Saga Fjordbase**

*Vara: Kjell Ove Høydal, Fjord 1*

**Mikael Johansen, Westcon Yard Florø**

*Vara: Jørgen Agledal, West Industri Service*

**Egil Mundal, Sogndal Fotball**

*Vara: Sigrun Rygg, Jatak AS*

**Karen Marie Hjelmeseter, Sogn og Fjordane Fylkeskommune**

**Ola Teigen, Flora kommune**

**Olve Grotle, Førde kommune**

**Jarle Aarvoll, Sogndal kommune**

### Sak 7/2017 **INU-FSF sin veg vidare og prioriteringar fram mot avvikling.**

Med bakgrunn i at ordninga med kompensasjonsmidlar knytt til bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift er avslutta, vil vi no innrette vårt fokus på å avslutte INU-FSF jf. vedtaket ovanfor.

I årsrapporten for 2016 framgår det at det ligg **NOK 2.144.926** som restmidlar etter at løyvingane for 2016 er foretatt og det er korrigert for tilbaketrente midlar frå to prosjekt, samt renteinntekter av midlar som er

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

plassert på fylkeskommunen sine konti i påvente av utbetaling til ulike prosjekt. Det vil verte opptent renter i både 2017 og 2018 - og sannsynligvis også etter dette.

Kostnader med å avslutte INU-FSF som organisatorisk eining, overføre arkiv til framtidig oppbevaring, oppfølging av løyvde midlar, samt gjennomføring av formelle vedtak knytt til ovannemnde må avsettast i eit avgrensa 2017-budsjett.

### **Vedtak:**

***Disponeringa av restmidlane blir fordelt på følgjande måte:***

*Fylkeskommunen ivaretek oppfølging av løyvde midlar gjennom å forestå innhenting av rekneskap og sluttrapportar, samt gjennomføring av utbetaling til dei prosjekta som det er vedtatt løyving til.*

*Godtgjerdse for dette arbeidet vert å avtale som ein del av avviklingsarbeidet. Restmidlar i 2017 og renteinntekter i komande år skal disponerast av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og nyttast i tråd med INU-FSF sine vedtekter, der tettstadutvikling i Førde, Flora og Sogndal skal ha prioritet.*

*Avtala med NHO bør gå ut 2017, då det vil være ein del arbeid knytt til avvikling og overføring av digitalt og fysisk arkiv. Tilsvarande vil det gå med noko tid knytt til den formelle avvikling av ordninga.*

*Andre kostnader knytt til avvikling vert belasta budsjettet for 2017.*

### **Desse prosjekta vert prioritert i løyvinga av restmidlar med inntil NOK 1.600.000 :**


- *Oppstart av næringsretta IT-utdanning*
- *Styrking av innovasjonsnettverket i fylket (SIVA-prosjekt)*
- *Supply Chain Network SF*
- *Ingeniørstudium i bygg og anlegg*

*Desse er alle prosjekt som har eit breitt nedslagsfelt i fylket og dei har basis i ein av dei tre kommunane i INU-FSF.*


## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompensereer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora


Florø, 29.03.17



Vidar Grønnevik, møteiar



Ola Teigen, ordførar  
Flora Kommune



Mikael Johansen,  
Westcon Yard Florø.